

1 **Varig vern om verna vassdrag**

2 Forslagsstiller: Britt Ovesen

3 Vi står midt i ei straumkrise med svært høge prisar i enkelte delar av landet.
4 Samstundes elektrifiserast landet meir og meir og vi må finne meir rein energi.

5 I Hurdalsplattformen varsla regjeringa at ho vil "sette ned en energikommisjon for å
6 kartlegge energibehovene og foreslå økt energiproduksjon, med mål om at Norge
7 fortsatt skal ha overskuddsproduksjon av kraft." Energipolitikarar i Ap og Sp meiner at
8 det er naturleg å diskutere verna vassdrag når energikommisjonen skal sjå på korleis
9 landet kan lage meir straum. Korleis kan vi få meir ut av eksisterande vasskraft, og
10 sjå om det er muleg å bygge ut meir enn det som har vore verna. Høgre har laga ei
11 liste over ti vassdrag dei vil vurdere å fjerne vernet av og opne for kraftutbygging. På
12 lista er åtte vassdrag i Vestland, eitt i Trøndelag og eitt i Nordland. Høgre har i tillegg
13 forslag til andre vassdrag, men desse vil ikkje partiet namngje. Framstegspartiet har
14 føreslege for Stortinget å byggje ut ny vasskraft der det er miljømessig forsvarleg -
15 også i verna vassdrag.

16 Dette er SV heilt i mot, og både Lars Haltbrekken og vår eiga Birgit Oline Kjerstad har
17 bla. uttala at ikkje eit einaste verna vassdrag skal rørast, og at det største naturtapet
18 har skjedd gjennom regulering av vassdrag.

19 Løysinga på kraftkrisa er ikkje å bygge ut fleire verna vassdrag. Ei slik utbygging vil
20 ha ein begrensa effekt på kraftproduksjonen. NVE-direktør Kjetil Lund seier at
21 gevinsten ved slik utbygging vil vere liten og at det er mykje å hente i
22 energieffektivisering.

23 Stortinget har vedteke nye verneplanar i seks runder frå 1973 fram til 2009. 95
24 vassdrag blei verna i 1973. 389 vassdrag er verna i dag. For å kunne ta vare på
25 verneverdiane er det utarbeidd rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag. Det er
26 viktig å vite kva verdiar som finst i vassdraga og naturen rundt dei. I dag er
27 verneverdiane i omtrent ein tredjedel av vassdraga dokumentert. I mange av
28 vassdraga er det for dårleg tilgang til kunnskap som skal ligge til grunn for
29 dokumentasjon. Men det ein veit er at vasskraft har store negative konsekvensar for
30 truga artar. Vassdragutbygging har allereie gjort stor skade på leveområda til
31 villaksen, som no er på raudlista over truga artar.

32 389 verna vassdrag hørest kanskje mykje ut, men talet på utbygde vassdrag er
33 nesten tre gongar større enn dei som er verna. Å byggje ut verna vassdrag vil ikkje
34 vere miljømessig forsvarleg. Å ofre naturen for klimaet er sjølvmotseiande. Noko av
35 poenget med å stoppe klimakrisa er å unngå at økosystem kollapsar.

36 Ein bør kanskje heller oppgradere vasskrafta vi allereie har med t.d. å skifte til nye og
37 meir effektive turbinar og ta kontroll over kraftmarkedet, men diskusjonen om
38 kraftmarknad kjem vi nok tilbake til seinare. Det viktigaste no er at SV i Møre og
39 Romsdal stiller seg bak dei dyktige energipolitikarane våre og krev at verna vassdrag
40 må sikrast eit varig, juridisk bindande og sektorovergripande vern.

41 Møre og Romsdal SV